



Saksframlegg

Høyringsuttale - overføre skatteoppkrevjarsfunksjonen fra kommunen til skatteetaten

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev – overføring av skatteoppkrevingen
- 2 Høyringsuttalelse - Overføring av skatteoppkrevning til staten

Bakgrunn for saka:

Den 23. juni 2014 fekk Skattedirektoratet i oppdrag av Finansdepartementet å sjå på korleis ein kunne overføre skatteoppkrevjarsfunksjonen fra kommunane til Skatteetaten. Eit overordna mål med reforma vert opplyst til å vere å få ein "betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning". Eit anna mål som blir synt til er "å skape store og gode fagmiljø, auka grad av likebehandling og rettsikkert", samt at skattebetalera skal ha ein etat å forhalde seg til.

I tillegg er det også nemnd innsparingspotensiale.

Den 24. november 2014 kom utgreiinga om korleis dette kunne gjennomførast. Utgreiinga legg opp til ei omfattande omorganisering som mellom anna fører til at antall skatteoppkrevjarkontor blir redusera frå 288 til 27. Desse 27 kontora skal sentraliserast og leggast i byar.

Den 1. desember 2014 sendte Finansdepartementet framlegget ut på høyring og kommunane er ein av høyringsinstansane. Svarfrist for å gje høyringsuttale er 2. mars 2015. Ei eventuell overføring av skatteoppkrevjarsfunksjonen fra kommunane til staten er tenkt å skje 1. januar 2016.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2015 - 2018/måla i budsjettet for 2015 i sektor for

Store og "tunge" organisasjonar som Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund(NKK) og Kommunenes organisasjon (KS) har engasjert seg sterkt i denne saka og sett inn mykje ressursar på å sjå nærrare på kva forslaget kan føre til.

Både NKK og KS har samråystes gått mot forslaget om å overføre skatteoppkrevjarsfunksjonen til skatteetaten.

Det er fleire forhold som talar mot denne statleggjeringa av funksjonen:

- Innbyggerane mistar nærheten til skatteoppkrevjaren
 - Skatteoppkrevjar som kjenner dei lokale forhold kan få til betre avtaler for skatteytar enn regionale kontorer.
- Rettsikkerheten for skatteytar kan svekkast

- Skatteetaten vil sitte både å beregne skatten og krevje den inn. Det bør vere ein viss avstand mellom den som lagar krav og den som krev inn.
- Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktige for kommunen
 - Den innkrevingskompetansen som skatteoppkrevjaren har brukast inn i den kommunale innkrevringa.
 - Det er viktig for det totale økonomiske fagmiljøet i kommunane.
- Dagens skatteinnkreving er svært effektiv
 - Resultata for innkreving i dag viser ein inndekningsprosent på opp mot 100%.

At denne overføringa av skatteoppkrevjarfunksjonen nå kjem midt i kommunereforma er også noko merkeleg. Statleggjering og sentralisering av funksjonen nå går på tvers av intensjonane om å skape meir robuste kommunar i kommunereforma.

Er det ikkje naturleg å sjå på denne arbeidsoppgåva som i dag ligg til kommunane i samband med kva for oppgåver kommunane skal ta hånd om i tida framover.

Fyresdal kommune brukar i dag ca 80% stilling på skatteoppkrevjarfunksjonen, denne ressursen er fordelt på fleire personar i dag og ein vil sitte att med arbeidsgjevaransvaret for desse sjølv om oppgåvene skulle overførast til staten.

Konklusjon:

Innbyggjerane i Fyresdal og Fyresdal kommune er best tent med å oppretthalde skatteoppkrevjarfunksjonen slik den er i dag.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg om å overføre skatteoppkrevarfunksjonen frå kommunane til skatteetaten.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellesstenester